



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/277 - 18/12759

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
04.09.2018

Byggesak Gbnr 34/9 Grindheim - familiebarnehage - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest den 14.08.2018.

Den 12.01.2018 vart det gjeve forlenga mellombels bruksløyve til 15.08.2018. I vedtak datert 15.08.2016 vart det gjeve mellombels bruksløyve på følgjande vilkår;

1. Måling av luftkvalitet, jf. vilkår i Arbeidstilsynet sitt samtykke.
2. Utsleppsløyve for økt bruk, jf. vilkår i byggeløyve.
3. Det må dokumenterast at avkjørsle mot fylkesveg er stengt og at avkjørsle mot kommunal veg er opparbeidd i tråd med løyve frå vegstyresmakta.

Vilkår nr. 1 og 2 er dokumentert oppfylt.

Kommunen har motteke følgjande dokumentasjon på at avkjørsel frå fylkesvegen (vilkår nr. 3) er avstengt i brev datert 04.12.2017.



Kommunen var på ikkje varsla synfaring av vegsperringa den 31.08.2018.

Betong blokkane er plasser sentrert mot midten av avkjørselen og bilar kjem forbi yttarst i avkjørselen. Betongelementa fungere dermed ikkje som tilstrekkeleg stenging av avkjørsel, og kommunen finn dermed at vilkår nr. 3 ikkje er oppfylt.



Det må sendast inn dokumentasjon som visar at betongblokkane faktisk stenge avkjørselen.

Kommunen gjer merksam på at mellombels bruksløyve gjekk ut på dato 15.08.2018 og at barnehagen per i dag ikkje har gyldig bruksløyve.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jeanette Villanger Håland

Grindheimsvegen 127

5936

MANGER

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS